



Soknerådet - her fotografert ved starten av året - kan slå fast at kyrkjebesøket er stabilt. Foran sit Gunvor Myklebust, Gunnbjørg Steinsletten Eik og leiar Møyfrid Kristoffersen. Bak står Mette Lauvsnes, Inger Anne Leite, Reidar Myklebust og sokneprest Sven Harald Nilsen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kyrkjebesøket er heller stabilt i Uskedalen, også frå 2009 til 2010, fortel statistikken for soknet som no føreligg.

19 gudstenester på sun- og helligdagar i fjor hadde 1.519 deltakarar eller 80 i snitt medan det var 1.473 deltakarar på 20 gudstenester året før - noko som gav eit snittbesøk på 73.

I 2008 var talet 1.807, men då var det 21 gudstenester.

Det var 1 gudsteneste på 1 kvardag i fjor og då kom det 134 i kyrkja.

I 2010 var det 6 gudstenester med nattverd i kyrkja og talet på nattverdgjester var 145. Det var 24 pr. gudsteneste. I åra 2009 og 2008 var dei tilsvarande tala på nattverdgjester 86 og 123.

Det var 2 konsertar og musikkandaktar med 172 deltakarar.

Som takkoffer til misjon, naudhjelp med meir kom det i 2010 inn 33.319 kroner.

Elles fortel statistikken at ingen melde seg inn i kyrkja i fjor, men 1 melde seg ut.

13 vart døypte mot 10 året før og 12 året før att. 10 av dei døypte var busette i soknet.

13 vart konfirmerte i fjor mot 11 året før og 25 i 2008.

1 par vart vigd mot 7 og 2 åra før.

Talet på gravlagde var 7 mot 11 og 13 i dei to føregåande åra.

Av Ola Matti Mathisen